



Plan for kvalitetssikring av lese- og skriveopplæringa i Fyresdal Kommune.

*Les*  
*Lese glede*

**LESEGLEDE**

*Lese glede*

## 1 FORORD

Å kunna lese og skrive er grunnleggjande ferdigheiter for å kunna tilegne seg annan kunnskap. Lesing har også stor verdi i seg sjølv, som kjelde til glede, inspirasjon og rekreasjon.

Målet med planen er å kvalitetssikre lese- og skriveopplæringa i Fyresdal kommune. Planen skal innehalde tiltak som skal bidra til ei god lese- og skriveopplæring for alle barn. Planen skal seie noko om kompetansemål, innehalde tiltak som leggje til rette for ei god lese- og skriveutvikling, og den skal innehalde forslag til tiltak når barn strever med språk-, lese- og skriveutviklinga.

Planen skal byggje på "Kunnskapsløftet", Læreplanen for grunnskulen". Og rammeplan for barnehagen. "Leseglede"-planen skal leggje vekt på dei sidene av norskfaget som fremjar lese- og skriveutviklinga. Den vil med andre ord berre utgjere ein del av planen for heile norskfaget.

Visjonen er at lese- og skriveopplæringa i Fyresdal kommune skal leggje til rette for utvikling av funksjonelle lese- og skrivedugleikar, slik at lesing og skriving blir viktige reiskap for alle.

### 1.1 Vi vil takke dei som har vore med i arbeidsgruppa.

Frå helsestasjonen: Helsesyster Solveig Tveitå/ Evy Aamlid

Frå biblioteket: Liv Kiland

Frå barnehagen: Tone Anette Bøe og Anne Merethe Røed/Erna Rydland

Frå småsteget: Gunn K, Haakenstad og Mona Fillingnes

Frå mellomsteget: Tone A. Heistad/ Hege Stiansen

Frå ungdomssteget: Ingunn Valseth Holmegård

Frå administrasjonen: Liv Johre Bakke (bhg), Torhild Mandt (skulen) Torny Moripen (sektor Kultur og oppvekst)

## Innhold

<b>1</b>	<b>Forord</b> .....	<b>2</b>
1.1	Vi vil takke dei som har vore med i arbeidsgruppa. ....	2
<b>2</b>	<b>Mandat til arbeidsgruppa</b> .....	<b>6</b>
<b>3</b>	<b>Oppbygging av planen</b> .....	<b>7</b>
3.1	Hovudområda.....	7
3.2	Tiltak .....	7
3.3	Evaluering.....	7
<b>4</b>	<b>Evaluering av heile planen</b> .....	<b>8</b>
<b>5</b>	<b>Vedlegg/ ressursbank</b> .....	<b>8</b>
<b>6</b>	<b>Helsestasjonen i Fyresdal kommune:</b> .....	<b>9</b>
6.1	Helsestasjonen har kontakt med barnet/ føresette:.....	9
6.2	Kontroll ved helsestasjonen: .....	9
6.3	Kontroll ved helsestasjonen: .....	10
6.4	Spesifikke språkvanskar:.....	11
6.5	Andre språkrelaterte vanskar:.....	11
<b>7</b>	<b>Biblioteket</b> .....	<b>12</b>
<b>8</b>	<b>Fyresdal Barnehage</b> .....	<b>15</b>
<b>9</b>	<b>1. klasse</b> .....	<b>21</b>
<b>10</b>	<b>2. klasse</b> .....	<b>28</b>
<b>11</b>	<b>3. klasse</b> .....	<b>37</b>
<b>12</b>	<b>4. Klasse</b> .....	<b>46</b>

<b>13</b>	<b>Mellomsteget .....</b>	<b>53</b>
<b>14</b>	<b>ungdomsskulen.....</b>	<b>69</b>
<b>15</b>	<b>Ressursbank .....</b>	<b>80</b>
15.1	Arbeide med ord og omgrep som høyrer til den fyrste lese- og skriveopplæringa .....	80
15.2	Askeladden .....	81
15.3	Avkodingsstrategiar.....	82
15.4	Bokprat .....	83
15.5	Forteljarstolen .....	84
15.6	Grunnleggende omgrep/ Sentrale over- og underomgrep .....	84
15.7	Høgfrequente ord - de 100 vanlegaste orda.....	87
15.8	Klasse møte .....	88
15.9	Komplekse grafem.....	89
15.10	Kurs i forteljarkunst .....	90
15.11	Leggje til rette for rett blyantgrep når barnet er mogen for det. ....	91
15.12	Lesing med rettleiing .....	92
15.13	Lesekurs.....	93
15.14	Læringsstrategiar - "Lære å lære" .....	96
15.15	Ortografisk ordlesing.....	99
15.16	Proessorientert skrivning.....	100
15.17	Rettskrivingsregler.....	102
15.18	Samlingsstund .....	104
15.19	Skriveverkstad med vekt på lyrikk.....	105

15.20	Språkleikar .....	106
15.21	Språkverkstaden .....	107
15.22	Oversikt over barn si språkutvikling i alderen 0-5 år:.....	108
15.23	Thinking hats .....	110
15.24	Alderadekvat artikulasjon/Normal taleutvikling .....	111
15.25	Teikn til tale .....	112
15.26	Tras .....	112

## 2 MANDAT TIL ARBEIDSGRUPPA

Visjonen er at lese- og skriveopplæringa i Fyresdal kommune skal leggje til rette for utvikling av funksjonell lese- og skriveugeleik, slik at lesing og skriving blir viktige reiskap for sjølvve livet.

Målet med planen er å kvalitetssikre lese- og skriveopplæringa i Fyresdal kommune.

De skal:

- Finne tiltak som skal bidra til en god lese- og skriveopplæring for alle barn.
- Seie noko om kompetanssmål
- Kome med forslag til tiltak når barn strevar med språk-, lese- og skriveutviklinga.
- Finne fram dei planar og verktøy vi allereie har. (for skulen: sjå kvalitetssikringssystem for Gimle skule)
- Alt dette skal leggst inn i planen og tidfestast.
- Planen må vise ein progresjon 0 – 16 år

Planen skal byggje på "Kunnskapsløftet", "frå ord til handling" og "Rammeplan for barnehage".



### 3 OPPBYGGING AV PLANEN

Planen er bygd opp av 9 delplanar; ein for helsestasjon, ein for biblioteket, ein for barnehagen, ein for kvarklasse i småsteget, ein for mellomsteget og ein for ungdomssteget  
I planen er det seks hovudområde. Desse vert vektlagt etter alder og klasse.

#### **3.1 Hovudområda**

Haldning og motivasjon til lesing og skriving  
Språkleg kompetanse  
Bokstavkunnskap  
Lesekompetanse  
Skrivekompetanse  
Kartlegging

#### **3.2 Tiltak**

Dei fleste tiltaka i planen er tiltak som allereie vert gjort i kommunen. I planen er dei blitt sett i system og ført inn under ulike hovudområde og mål. Nokre tiltak er gjort til obligatoriske. Det er tiltak som anten er så viktige, er systembaserte og/ eller går som en "raud tråd" gjennom skuleåra.  
For å nå måla i planen, er det viktig at punkta under "Tiltak" også blir utført.

#### **3.3 Evaluering**

Kolonnen "Evaluering" gjeld evaluering av måloppnåing og effekt av tiltak. Denne kolonnen er for intern bruk.

#### **4 EVALUERING AV HEILE PLANEN**

”Leseglede” – planen skal implementerast i årsplanane til skulen, barnehagen, biblioteket og helsestasjonen. Implementeringa skal skje haust 2010  
Måloppnåing og effekt av tiltak vert evaluert når årsplanane vert evaluert.  
Heile planen skal evaluerast etter 2 år. Den skal evaluerast både når det gjelder innhald, form og bruk.

#### **5 VEDLEGG/ RESSURSBANK**

I planane er enkelte ord og omgrep merka med ei stjerne. Stjernemerkinga viser til ein ressursbank eller ei referanse. Ved å klikke på ordet går det ei hyperlink til ressursbanken eller referansen.  
I ressursbanken finn de forklaringar av omgrepet, forslag til aktivitetar og arbeidsgang, prosedyrar og/ eller viser til litteratur eller materiell.



## 6 HELSESTASJONEN I FYRESDAL KOMMUNE:

### 6.1 *Helsestasjonen har kontakt med barnet/ føresette:*

- Heimebesøk innan 1 veke etter heimkomst etter fødsel - får boka ” Song for deg og meg” av Fyresdal kommune.
- 4 vekers kontroll (ved behov)
- 6 vekers kontroll (helsesyster/ lege)
- 3 mnd. kontroll
- 4 mnd. kontroll (ved behov)

Ved alderen 6 månadar viser barnet tydeleg handlingsmessig intensjon, og i månadane som fylgjer tar barnet i aukande grad initiativ til samspel ved å peike på ting det vil ha eller ved å strekke seg ut etter gjenstandar. Leikar og menneske er ikkje lenger ”ute av auge- ute av sinn”. Denne hukommelsen er ein viktig føresetnad for tilegning av ord seinare.

Å kunne forstå språket kjem før talespråket. Omkring 1 års alder byrjar barnet bevisst å bruke dei fyrste ord som symbol.

### 6.2 *Kontroll ved helsestasjonen:*

- 5 mnd. kontroll
- 6 mnd. kontroll (helsesyster/ lege)
- 8 mnd. kontroll
- 10/11 mnd. kontroll (ved behov)
- 1 års kontroll (helsesyster/ lege)
- 15 mnd. kontroll
- 18 mnd. kontroll (ved behov)

Barn bygger opp språket ord for ord, og når dei nærmar seg 2 års alder kan dei bruke aktivt 20-50 ord. Etter dette vert orda lært mykje raskare.

I 2 års alder brukar dei fleste barn enkle setningar, men det er store individuelle forskjellar.

Lengda og kompleksiteten på setningane aukar gradvis opp mot skulealder.

At nokon barn snakkar lite ved 2 års alder treng ein ikkje bekymre seg for. Eit klart risikoteikn er det derimot viss barnet har ei dårleg språkforståing på dette tidspunktet.

Forsinka språkutvikling i førskulealder aukar risikoen for vanskar seinare i barnet si utvikling, fordi språkevna er sterkt relatert til kognitive funksjonar, framtidig lese- og skriveutvikling og læring.

### 6.3 **Kontroll ved helsestasjonen:**

- 2 år (helsesyster/ lege)- systematisk språkobservasjon (SATS) kan brukast heilt eller delvis ved 2 års kontrollen på helsestasjonen. Saman med innkallinga til konsultasjonen vert foreldra tilsendt eit skjema der dei blir bedt om å krysse av orda dei har høyrte at barnet kan seie. Resultatet frå kartlegginga saman med foreldra sitt svar på skjemaet lagar grunnlaget for vurderinga av barnet sitt språk. Foreldra vert også fortalt at det er viktig å legge til rette for riktig blyantgrep med ein gong barnet byrjar å interessere seg for teikning og skriving.  
Viser barnet ved 2 års kontrollen teikn på språkleg forsinking, dårleg forståing eller mangelfull interaksjon med omgjevnadane, skal barnet takast inn til ny observasjon etter 2 mnd. Det same gjeld viss foreldra uttrykkjer bekymring for barnet si språkutvikling. Ved mistanke om språkleg avvik i alderen 2,6-3 år, bør barnet tilvisast til nærare utredning. Ei sakkyndig vurdering vil ved behov kunne føre til vegleiing av foreldre samt spesialpedagogisk tilbod til barnet enten heime eller i barnehagen.
- 3 års kontroll (ved behov)
- 4 år - systematisk språkobservasjon (SPRÅK 4) kan brukast heilt eller delvis ved 4 års kontrollen på helsestasjonen. SPRÅK 4 består av ein enkel foldar med bilete, ei vegleiing og eit kartleggings skjema som skal fylgjast etter faste prosedyrar. Den omhandlar språkforståing, setningsstruktur, ordforklaring, å forstå bilete, artikulasjon, preposisjonar, adjektiv, følelsar, årsak - verknad, rekketeljing, tal omgrep, fargar, korttidshukommelse og setningsrepetisjon. I tillegg vert barnet sitt samspel og merksemd vurdert.  
  
Viser barnet teikn til språkforsinking ved dette alderstrinnet, er det svært viktig å tilvise barnet til vidare utredning. Alle dei språklege basisferdigheitane skal i fireårsalderen vere etablert.
- 5/6 år (førskulekontroll m/ helsesyster / lege)

For minoritetsspråklige barn er det viktig at dei vert stimulert slik at dei utviklar eit godt morsmål, fordi morsmålet har ein eigenverdi og er sterkt knytt til barnet sitt følelsesliv og personlighetsutvikling. Det er likevel viktig at disse barna som skal vekse opp i Noreg, også utviklar eit godt norsk språk når morsmålet er etablert.

#### **6.4 Spesifikke språkvanskar:**

1. Vanskar med å uttrykke språk
2. Vanskar med å uttrykke og forstå språk
3. Vanskar med lydsystemet

#### **6.5 Andre språkrelaterte vanskar:**

1. Stammering
2. Pragmatiske vanskar (lære seg reglar for bruk av språket)
3. Dyspraksi (samansatt vanske)
4. Barn med betydeleg språkforsinking vert meldt til nærmare språkutredning.

## 7 BIBLIOTEKET

HOVUDOMRÅDE	MÅL	TILTAK	LOVPÅLAGT/ SAMTALE/MØTE	TID/ALDER	EVALUERING	ANSVAR
Haldning og motivasjon til lesing og skriving	Foreldre og barn opplever lesing som positivt, felles glede	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utdeling av brosjyre på helsestasjonen samtale</li> <li>• Oppfordring til lesing/song</li> <li>• Bruk av biblioteket</li> </ul>		Når barnet er 8 mnd		Helsesystemer/ bibliotekar
		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bokdepot på venterom helsehus</li> </ul>		Heile året		Bibliotekar/ helsesystemer
		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utdeling av brosjyre på helsestasjonen samtale</li> <li>• Oppfordring til lesing/song</li> <li>• Bruk av biblioteket</li> </ul>		Når barnet er 1 ½ år		Helsesystemer bibliotekar

HOVUDOMRÅDE	MÅL	TILTAK	LOVPÅLAGT/ SAMTALE/MØTE	TID/ALDER	EVALUERING	ANSVAR
		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Orientering om nye barnebøker for personalet i barnehagen</li> <li>• Ynskje om bøker frå personalet</li> </ul>		Vinteren		Bibliotekar/ leiar bhg
		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bokdepot i barnehagen</li> </ul>		Heile året		Bibliotekar/ leiar bhg
		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Foreldremøte med orientering om barnebøker</li> </ul>		Kvart 4.år		Bibliotekar/ Ped.leiar bhg
		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utlån frå bokdepot i barnehagen</li> </ul>		Heile året		Ped.leiar bhg
		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Eventyrstund på biblioteket</li> </ul>		For 4- og 3-åringane.1 g. i veka sept. - april		Bibliotekar/ Ped.leiar bhg
<b>Språk kompetanse, tilvenning skriftspråk. Leseglede</b>		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lesestund på biblioteket med oppfølging i barnehagen</li> </ul>		For 5-åringane. 2 g. i veka, sept.-april		Bibliotekar/ Ped.leiar bhg
		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Høgtlesing på biblioteket,</li> <li>• Låning av bøker</li> </ul>		For 1. og 2. klasse. Jamleg gjennom året		Bibliotekar/ lærer

HOVUDOMRÅDE	MÅL	TILTAK	LOVPÅLAGT/ SAMTALE/MØTE	TID/ALDER	EVALUERING	ANSVAR
Utvikling leseglede, skriftspråk		<ul style="list-style-type: none"> <li>Bok/bibliotek-orientering.</li> <li>Høgtlesing.</li> </ul>		Alle klasser. Jamleg gjennom året		Bibliotekar/ lærer
		<ul style="list-style-type: none"> <li>Utdeling av lånekort – bibliotek-orientering</li> </ul>		2.klasse		Bibliotekar/ lærer
		<ul style="list-style-type: none"> <li>Skaffe bøker til ulike leseprosjekt</li> </ul>		Alle klasser gjennom året		Bibliotekar
		<ul style="list-style-type: none"> <li>Bokdepot på skulen</li> </ul>		Alle steg. jamleg gjennom året		Bibliotekar/ lærer
		<ul style="list-style-type: none"> <li>Samtale med barn og foreldre.</li> <li>Orientering om bøker, bokval og bruk av litteratur</li> </ul>		For alle foreldre/barn. Jamleg gjennom året		Bibliotekar
		<ul style="list-style-type: none"> <li>Presentasjon/uts tilling av bøker og media</li> </ul>		For alle. Jamleg gjennom året		Bibliotekar
		<ul style="list-style-type: none"> <li>Biblioteket får tak i barne bøker på dei språka som finst i kommunen</li> </ul>		For alle. Jamleg gjennom året		Bibliotekar

## 8 FYRESDAL BARNEHAGE

HOVUDOMRÅDE	MÅL	TILTAK	LOVPÅLAGT/ SAMTALE/MØTE	TID/ ALDER	EVALUERING	ANSVAR
Haldning og motivasjon til lesing, skrivning og språkstimulering		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Omgrepstrening i kvardagen inne og ute</li> </ul>		frå 1 år		Helse - stasjonen
	Gje barna auka leselyst, og gode haldningar til bøkar.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lese/fortelje</li> <li>• Bøkar</li> <li>• Bokkasse frå biblioteket</li> </ul>		frå 1 år		Pedagogisk leiar
	Gje gode opplevingar og eit godt grunnlag for læring ved å bruke arenaer der lese-/skrivedugleiken vert stimulert	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lesegruppe</li> <li>• Bibliotekbesøk</li> <li>• Lese ute og inne, på tur...</li> </ul>		frå 3 år		Pedagogisk leiar
		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utdeling av bokgåve og omvisning på biblioteket</li> </ul>		3 år		Bibliotekar
		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Få bokmerke med eit bilete og namn</li> </ul>		5 år		Bibiotekar / Pedagogikk leiar

HOVUDOMRÅDE	MÅL	TILTAK	LOVPÅLAGT/ SAMTALE/MØTE	TID/ ALDER	EVALUERING	ANSVAR
			Foreldremøtetema : Lesing og barnebøkar	Kvart fjerde år		Styrer / bibliotekar
		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Godt tilrettelagt lese krok</li> </ul>				Pedagogisk leiar
		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sikre gode rutiner for bruk av bøker/lesing</li> </ul>				Personalet
		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Spontane lesestunder</li> </ul>				
		<ul style="list-style-type: none"> <li>• <a href="#">Samling</a></li> </ul>		Kvar dag		Pedagogisk leiar
<b>Språkforståing</b>	Barnet utviklar forståing for omgrep som uttrykker størrelse, posisjon, mengde og farge	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruke tid i kvardagen</li> </ul>		Kvar dag		Pedagogisk leiar
	Utvikle barnet si lytteforståing	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Samtaler</li> <li>• Tur</li> <li>• Høgtlesing</li> <li>• Leik</li> <li>• Forteljing</li> <li>• Eventyr</li> </ul>		Kvar dag		Pedagogisk leiar



HOVUDOMRÅDE	MÅL	TILTAK	LOVPÅLAGT/ SAMTALE/MØTE	TID/ ALDER	EVALUERING	ANSVAR
	Å kunne ta imot og utføre munnlege meldingar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• I samlingar</li> <li>• I tilrettelagde aktivitetar</li> <li>• Delta i daglege rutinar</li> </ul>		Kvar dag		Personalet
<b>Talespråk (kommunikasjon)</b>	Auke ordforrådet til barnet	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruke grunnleggande omgrep i kvardagen</li> </ul>				
		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Barn og vaksne er likeverdige samtale partnarar</li> <li>• Samtale om bøkar forteljingar og kvardagsliv</li> <li>• Høgtlesing</li> <li>• Snakke om ord som har fleire meiningar, t.d. tog, blad, ring...</li> </ul>			Pedagogisk leiar	
	Bruke sentrale over og underomgrep	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruke samlingar, turar og daglege situasjonar</li> <li>• Vere bevisste</li> </ul>		Alle		Personalet

HOVUDOMRÅDE	MÅL	TILTAK	LOVPÅLAGT/ SAMTALE/MØTE	TID/ ALDER	EVALUERING	ANSVAR
	Barna utviklar setningsbygning tilpassa alder	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vaksne må vere gode rollemodellar:</li> <li>• Bruke grammatisk rette setningar</li> <li>• Samtaler</li> <li>• Bruk av bøkar</li> </ul>		Alle  frå ca 3 år		Pedagogisk leiar Personalet
<u>Teikn til tale*</u>	Alle skal få kjennskap til teikn til tale	Daglig bruk		ALLE		Personalet
<b>Lære bokstavar</b>	Kjenne til sin eigen og andre sine bokstavar  Etter kvart kunne namnet sitt	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruke det i samlingar, gjere born bevisste på bokstavane</li> <li>• Bruke namn på hyller, plassar , namnlappar i samlingar m.m.</li> </ul>		1-5 år		Pedagogisk leiar

HOVUDOMRÅDE	MÅL	TILTAK	LOVPÅLAGT/ SAMTALE/MØTE	TID/ ALDER	EVALUERING	ANSVAR
<b>Lesekompetanse</b>	At borna oppdagar samanheng en mellom bokstavar og lesing	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gå på logo- jakt</li> <li>• Lese saman med borna, peke</li> <li>• Gjenfortelje bøker og historier</li> <li>• Leite etter bokstaven sin på pc, bøkar.....</li> </ul>		3-5 år		Pedagogisk leiar
<b>Skrivekompetanse</b>	Barna oppdagar at det me seier kan òg skrivast!	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skrive barna sine kommentarar på teikningane.</li> </ul>				Pedagogisk leiar
		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruke data</li> <li>• Ha utstyr tilgjengeleg: teikne/skrivesaker, pc, skrivar, magnet bokstavar</li> <li>• Leikeskriving</li> </ul>		4-5 år		Pedagogisk leiar
	Barna lærer rett blyantgrep	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <a href="#">Leggje til rette for dette når barnet er klar for det*</a></li> </ul>		frå 1-2 år		
	Lære å skrive namnet sitt					

HOVUDOMRÅDE	MÅL	TILTAK	LOVPÅLAGT/ SAMTALE/MØTE	TID/ ALDER	EVALUERING	ANSVAR
<b>Tekstskaping</b>	Barna skal få uttrykke seg med ord og fantasi i daglege gjeremål	<ul style="list-style-type: none"> <li>• La barna lage eigen forteljing</li> <li>• Lage tekst ut frå bøker, forteljingar og songar.</li> <li>• Barna oppdagar sjølv at ei forteljing har ein start, ein midt og ein slutt</li> </ul>		4 år		Personalet
<b>Kartlegging</b>	Observere barna			Frå barnet byrjar i bhg		Pedagogisk leiar
	Fange opp barn som treng ekstra oppfølging	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utredning av barn som ikkje følgjer forventa utvikling*:</li> <li>• <a href="#">Tras*</a></li> <li>• <a href="#">Askeladden*</a></li> <li>• Kontakte</li> <li>• PPT eller logoped</li> <li>• Følgje opp eventuelle tiltak</li> </ul>		2-3 år		Pedagogisk leiar
	Barna skal få ein god start på skulen	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Samtaler</li> <li>• <a href="#">Overgang barnehage til skule</a></li> </ul>				

**9 1. KLASSE**

HOVUDOMRÅDE	MÅL	TILTAK	LOVPÅLAGT/ SAMTALE/MØTE	TID/ ALDER	EVALUERING	ANSVAR	
Haldning og motivasjon til lesing og skriving			Foreldremøte om den grunnleggjande lese- og skriveopplæringa. Heim/skule skjema	Aug. / sep.  Nov. og feb		Kontaktlærer  Kontaktlærer	
	Gje eleven glede av bøkar og høgtlesing.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Høgtlesing kvar dag</li> <li>• Samtale med biletbøkar</li> <li>• Eventyrstund på biblioteket</li> <li>• Teater og rollespill</li> </ul>		Heile året.		Kontaktlærer/fag lærar/ bibliotekar	
	Eleven ser nytte av å kunne lese og skrive.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bli kjend på biblioteket.</li> <li>• Låne bøkar</li> </ul>			Heile året.		Kontaktlærer/ bibliotekar.
		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Klassebibliotek</li> <li>• Eventyr,</li> <li>• Regle eventyr</li> <li>• Rim og regler</li> <li>• Biletbøkar</li> </ul>				Kontaktlærer	
		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lydbøker</li> <li>• Pedagogiske program</li> </ul>				Kontaktlærer/ Bibliotekar	

HOVUDOMRÅDE	MÅL	TILTAK	LOVPÅLAGT/ SAMTALE/MØTE	TID/ ALDER	EVALUERING	ANSVAR
Språkforståing	Eleven utviklar større ord- og omgrepforståing.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Arbeide systematisk med sentrale over - og underomgrep.</li> <li><a href="#">Arbeide med ord og omgrep.</a></li> </ul> <p>Lyd, ord, setning, overskrift, fyrst, sist,....</p>		Heile året.		Kontaktlærer
	Eleven lyttar og uttrykkjer seg munnleg	<ul style="list-style-type: none"> <li>Øve opp konsentrasjonen, høyre og gjere</li> <li>Aktiv lytting</li> <li>Take del i samtale</li> <li>Stille spørsmål i samband med tema</li> <li>Fortelje om ei hending /opplevingar.</li> <li>Bli kjend med forteljar strukturen</li> <li>Gjenfortelje</li> <li>Fortelje gåter og vitsar</li> </ul>				Kontaktlærer

HOVUDOMRÅDE	MÅL	TILTAK	LOVPÅLAGT/ SAMTALE/MØTE	TID/ ALDER	EVALUERING	ANSVAR
		<ul style="list-style-type: none"> <li>Lage tekst frå bilete.</li> <li>Legge bilete i ei handlingsrekke fylje</li> <li>Drama -rolleleik</li> <li>Lærer-elevsamtaler</li> </ul>				
<b>Talespråk (munnleg kommunikasjon, lytte og tale)</b>	Eleven kan uttrykke seg på ein situasjons-avhengig måte	<ul style="list-style-type: none"> <li>Fortel frå felles opplevingar som har hendt</li> <li>Formidle opplevingar til andre</li> <li>Kunne beskrive noko andre ikkje ser</li> </ul>		Heile året		Kontaktlærer
<b>Språkleg bevist</b>	Eleven flytter fokus frå språket sitt innhald, til språket si form	<ul style="list-style-type: none"> <li>Systematisk bruk av <a href="#">"Språkverkstaden"</a></li> </ul>		Heile året		
			Systematisk bruk av Topstad sin kartlegging test			
	Eleven kan rime	<ul style="list-style-type: none"> <li>Lære rim og regler utanat</li> <li>Leike med rim</li> <li>og språkrytme</li> </ul>		Heile året		Kontaktlærer

HOVUDOMRÅDE	MÅL	TILTAK	LOVPÅLAGT/ SAMTALE/MØTE	TID/ ALDER	EVALUERING	ANSVAR
		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Setje strek mellom ord som rimar</li> </ul>				
	Eleven kunne høyre skilnad på stutte og lange ord	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Klappe stavingar</li> <li>• Tjelje stavingar i ord</li> <li>• Lytte etter stutte og lange ord</li> </ul>		Heile året		Kontaktlærer
	Eleven kan finne meininga i samansette ord	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeide med samansette ord</li> <li>• <a href="#">"Språkverkstaden"</a> og liknande.</li> </ul>		Heile året		Kontaktlærer
	Eleven veit at skrift representerar tale	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Modellæring</li> <li>• Leikeskriving</li> </ul>		Heile året		Kontaktlærer
	Eleven meistrar framlydsanalyse	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lytteøvingar</li> </ul>		Heile året		Kontaktlærer
	Eleven lyttar ut fyrste og seiste lyd i ord	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lytteøvingar</li> </ul>		Heile året		Kontaktlærer
	Eleven kan sortere ord med lik fyrste lyd			Heile året		Kontaktlærer



HOVUDOMRÅDE	MÅL	TILTAK	LOVPÅLAGT/ SAMTALE/MØTE	TID/ ALDER	EVALUERING	ANSVAR
	Eleven øver på sekvens - analyse	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lytte ut lydane i to og tre lyds ord</li> <li>• Ordanalyse</li> <li>• Kor mange lydar har ordet</li> </ul>		Heile året		kontaktlærer
	Eleven øver på syntese	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Trekke saman lydane til ord</li> </ul>				
<b>Bokstavkompetanse</b>	Eleven blir kjende med bokstavnamn, lyd og form, i sitt eige tempo	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Introdusere bokstavane med namn, lyd og form</li> </ul>		Heile året		Kontaktlærer
		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Systematisk gjennomgang av bokstav/ lyd. Sjå bokstavforma, sei lyden og omvendt</li> </ul>				
	Eleven lærer korleis ein skriv bokstavane	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forme og spore i /med ulike materialar</li> </ul>		Heile året		Kontaktlærer
		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Øve med fingeren i lufta, på pulten, på tavla, på ryggen til kvarandre. Legge vekt på bokstavane sitt startpunkt og Skriveretning</li> </ul>				Kontaktlærer

HOVUDOMRÅDE	MÅL	TILTAK	LOVPÅLAGT/ SAMTALE/MØTE	TID/ ALDER	EVALUERING	ANSVAR
	Eleven veit korleis og kvar i munnen lyden lagast	<ul style="list-style-type: none"> <li>Gjere eleven er klar over korleis og kvar i munnen lyden lagast</li> <li>Sjå og forklare utalemaaten</li> </ul>		Heile året		kontaktlærer
	Eleven kjenner att og seier bokstavane	<ul style="list-style-type: none"> <li>Lytteøvingar</li> <li>Bokstavkort, lotto, bokstavpuslespel</li> </ul>		Heile året		Kontaktlærer
<b>Lesekompetanse</b>	Eleven lærer leseretning	<ul style="list-style-type: none"> <li>Modell læring</li> <li>Bruke storbok</li> <li>Småbøkar som passar til lesenivået</li> </ul>		Heile året		Kontaktlærer
	Eleven les namnet sitt	<ul style="list-style-type: none"> <li>Namnslappar på bord, garderobe, hyller, på bøkar</li> </ul>		Heile året		Kontaktlærer
	Eleven lærer å lese nokre ord logografisk	<ul style="list-style-type: none"> <li>Lage logoar, lotto, memory</li> </ul>		Heile året		Kontaktlærer

HOVUDOMRÅDE	MÅL	TILTAK	LOVPÅLAGT/ SAMTALE/MØTE	TID/ ALDER	EVALUERING	ANSVAR
<b>Avkoding</b>	Eleven kjenner att ord med hjelp av fyrste lyd eller fleire enkelt- lydar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <a href="#">Språkverkstaden</a></li> <li>• Lytteøvingar</li> <li>• Finne lydar i ord</li> <li>• Ulike spel</li> </ul>		Heile året		Kontaktlærer
<b>Leseforståing</b>		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kartlegging av lesedugleik. (læringssentret).</li> </ul>		Våren		
<b>Skrivekompetanse</b> <b>Skriveforståing</b> <b>Tekstskaping</b>	Eleven forstår at det som ein seier kan og skrivast	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skriv små ord</li> </ul>		Heile året		
<b>Eleven lærer skriveretning</b>	Eleven leike-skriv	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lagar tekst til eigen teikning</li> </ul>				
	Kunne skrive namnet sitt					
<b>Digital kompetanse</b>	Kunne finne lydane att på tastaturet					

## 10 2. KLASSE

HOVUDOMRÅDE	MÅL	TILTAK	LOVPÅLAGT/ SAMTALE/MØTE	TID/ALDER	EVALUERING	ANSVAR
<b>Haldning og motivasjon til lesing og skriving</b>	Eleven har glede av bøker, høgtlesing og eigen tekstproduksjon		Foreldremøte med lesing og skriving som tema	Aug./ sept.		Kontaktlærer
	Eleven ser nytten av lesing og skriving		Lære å bruke skolebiblioteket	Heile året		Kontaktlærer/ Bibliotekar
			Klassebibliotek	Heile året		Kontaktlærer/ bibliotekar
		• Lese kampanje				Kontaktlærer/ Bibliotekar
		• Skrive tekst til bilete.				Kontaktlærer
		• Eleven blir lest for				Kontaktlærer/ faglærarar
		• Lydbok • Eventyr • Rim og regler • Bildebøker				Kontaktlærer
		• Pedagogiske program				

HOVUDOMRÅDE	MÅL	TILTAK	LOVPÅLAGT/ SAMTALE/MØTE	TID/ALDER	EVALUERING	ANSVAR
<b>Språkleg kompetanse</b>						
<b>Språkforståelse</b>	Eleven utvidar ord og omgrepforståing	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeide med over og underomgrep</li> <li>• Arbeide med ordforklaringar</li> <li>• <a href="#">Arbeide med ord og omgrep som høyrer til den fyrste leseopplæringa</a></li> </ul>			Heile året	Kontaktlærer
	Eleven vidareutviklar lytteforståinga	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Delta i samtalen</li> <li>• Øve på og høyre etter</li> <li>• Lytteøvingar</li> <li>• Fortelje frå opplevingar; hobbyar, husdyr, ...</li> <li>• Øve på å gjenfortelje</li> <li>• Halde seg til tema</li> <li>• Øve på å lære og bruke eventyrforma</li> </ul>			Heile året	Kontaktlærer

HOVUDOMRÅDE	MÅL	TILTAK	LOVPÅLAGT/ SAMTALE/MØTE	TID/ALDER	EVALUERING	ANSVAR
		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Øve på å ta ordet</li> <li>• Stille utfyllande spørsmål</li> </ul>				
<b>Språklig bevissthet</b>	Eleven finner lyder i ord	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <a href="#">Språkverkstad*</a> ordsortering, lotto, memory.</li> </ul>			Heile året	Kontaktlærer
	Eleven finn stavingar.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <a href="#">Språkleikar*</a> o.l.</li> <li>• Øver ordrytme, ellingar og regler.</li> <li>•</li> </ul>			Heile året	Kontaktlærer
	Eleven trekk lydar saman til ord.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Språkleiker.</li> </ul>				
	Eleven veit kva samansette ord er.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeide med å finne den meiningsberande innhald i samansette ord.</li> <li>• <a href="#">Språkverkstad*</a></li> <li>• Pedagogiske program</li> </ul>				
	Eleven veit kva ei forteljing er.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Høgtlesing</li> </ul>			Heile året	

HOVUDOMRÅDE	MÅL	TILTAK	LOVPÅLAGT/ SAMTALE/MØTE	TID/ALDER	EVALUERING	ANSVAR
<b>Bokstav kompetanse</b>	Eleven lærer bokstavane.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bokstav hus</li> <li>• Bokstav program</li> </ul>			Heile året	Kontaktlærer
	Eleven kan skriveretninga	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Modellæring.</li> </ul>			Heile året	Kontaktlærer
	Eleven kan bokstavanes namn, lyd og form.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bokstavkort.</li> <li>• Magnet-bokstavar.</li> <li>• Lytteøvingar; fyrst, sist, i midten av ord.</li> <li>• Bokstavforming med kitt, i sand, på bord og tavle.</li> </ul>			Heile året	Kontaktlærer
	Eleven veit korleis og kvar i munnen lyden lagast.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Munngeografi</li> <li>• Beskrive kvar og korleis lyden lagast.</li> <li>• Bruke lommespegel</li> </ul>			Heile året	Kontaktlærer
	Elevane veit forskjell på vokal og konsonant.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bokstavkort med raude vokalar og blå konsonantar.</li> </ul>				

HOVUDOMRÅDE	MÅL	TILTAK	LOVPÅLAGT/ SAMTALE/MØTE	TID/ALDER	EVALUERING	ANSVAR
<b>Lese Kompetanse</b>						
<b>Avkoding</b>	Eleven lærer bokstav/lyd forbindelsen	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <a href="#">Lese rettleiing*</a></li> <li>• Sjå og beskrive uttale- måten.</li> <li>• Kjenne kvar i munnen lyden blir laga.</li> <li>• Øve på å koble bokstav/ lyd bindingar og omvendt.</li> <li>• Systematisk repetisjon av innlærte bokstav/lyd forbindelsar.</li> </ul>			Heile året	Kontaktlærer
	Eleven lærer det alfabetiske prinsippet	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sjå bokstavforma, sei lyden og omvendt.</li> </ul>		Heile året		Kontaktlærer
	Eleven kan sekvent analyse	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lytte etter lydane, kjenne etter, gjenta lydane enkeltvis i rett rekkefylgje, sei ordet</li> </ul>				



HOVUDOMRÅDE	MÅL	TILTAK	LOVPÅLAGT/ SAMTALE/MØTE	TID/ALDER	EVALUERING	ANSVAR
	Elevane øver syntese	<ul style="list-style-type: none"> <li>Arbeide med å trekke lydane saman.</li> </ul>				
	Eleven les lydrette ord	<ul style="list-style-type: none"> <li>Lydering, ordkort, bilete, lotto, memory</li> </ul>		Heile året		Kontaktlærer
	Eleven les nokon høgfrekvente ikkje – lydrette ord	<ul style="list-style-type: none"> <li>Plakatar med høgfrekvente ord.</li> </ul>		Heile året		Kontaktlærer
	Eleven les enkel tekst med flyt	<ul style="list-style-type: none"> <li>Småbøker.</li> <li>Medlesing og Parlesing</li> <li>Repetert lesing</li> </ul>		Heile året		Kontaktlærer
<b>Leseforståing</b>	Eleven les og forstår enkel tekst	<ul style="list-style-type: none"> <li>Arbeide med at eleven sjølv må vere aktiv i leseprosessen</li> <li>Stillelesingsoppgåver.</li> <li><a href="#">Læringsstrategiar*</a></li> <li>Fargeleggje etter instruksjonar</li> <li>Tekst med tilpassa vanskegrad</li> </ul>		Heile året		Kontaktlærer

HOVUDOMRÅDE	MÅL	TILTAK	LOVPÅLAGT/ SAMTALE/MØTE	TID/ALDER	EVALUERING	ANSVAR
		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tekstar med mykje repetisjonar og gjentakingar</li> <li>• Småbøker</li> </ul>				
<b>Bruk</b>	Eleven brukar lesedugleiken sine	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Leseprosjekt</li> <li>• Faktalesing</li> </ul>	Skulebibliotek	Heile året		Kontaktlærer/ bibliotekar
		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeids- program</li> <li>• Spel og reglar</li> <li>• Instruksjonar</li> </ul>				Kontaktlærer
<b>Skrive kompetanse</b>						
<b>Skrive bevisstheit</b>	Eleven veit at det som seiast også kan skrivast	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Hugselappar</li> <li>• Handlelappar</li> <li>• Oppskrifter</li> </ul>				
	Eleven kan punktum og spørsmålsteikn	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Leike med ord og setningar</li> <li>• Klippe opp setningar, sette saman</li> </ul>		Heile året		Kontaktlærer

HOVUDOMRÅDE	MÅL	TILTAK	LOVPÅLAGT/ SAMTALE/MØTE	TID/ALDER	EVALUERING	ANSVAR
<b>Fonologisk skrivning</b>	Eleven skriv lydrett slik at andre forstår	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Biletkort, Ynskeliste, hugseliste, reseptar, beskjeder.</li> <li>• Skrive frå turar, skrive om bilete</li> <li>• Friskrivning</li> <li>• Pedagogiske program</li> </ul>				Kontaktlærer
	Eleven skriv lydrette ord utan at konsonantforbindelsane er riktige	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Diktat</li> </ul>		Heile året		Kontaktlærer
<b>Ortografisk skrivning</b>	Eleven kan nokon høgfrekvente ikkje – lydrette ord	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Øveord</li> <li>• Diktat</li> <li>• Lotto</li> <li>• Memory</li> <li>• <a href="#">Plakat med høgfrekvente ord*</a></li> </ul>		Heile året		Kontaktlærer
<b>Tekstskaping</b>	Eleven deltek aktivt i felles tekstskaping	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fri - skrivingsbok</li> </ul>		Heile året		Kontaktlærer
	Eleven skriv egne tekstar			Heile året		Kontaktlærer

HOVUDOMRÅDE	MÅL	TILTAK	LOVPÅLAGT/ SAMTALE/MØTE	TID/ALDER	EVALUERING	ANSVAR
<b>Kartlegging</b>	Får oversikt over elevens skriftspråklege ferdigheter, avkoding og forståing	<ul style="list-style-type: none"> <li>• IUP</li> <li>• Formelle prøver</li> <li>• Observasjons skjema.</li> </ul>				
			Kartlegging av lesedugleik 2. Klasse	Mai		
	Fylgje opp elevar som kjem under kritisk grense		Lesekurs	Heile året		Kontaktlærer
			Diskutere bekymring med PPT.			

## 11 3. KLASSE

HOVUDOMRÅDE	MÅL	TILTAK	LOVPÅLAGT/ SAMTALE/MØTE	TID/ALDER	EVALUERING	ANSVAR
<b>Holdning og motivasjon til lesing og skriving</b>	Eleven har glede og nytte av lesing og skriving		Foreldremøte med lesing og skriving som tema	Aug./ sept.		Kontaktlærer
			Lære å bruke Skolebiblioteket	Heile året		Kontaktlærer/ bibliotekar
			Årets nye bøker			
		<ul style="list-style-type: none"> <li>Klassebibliotek med nivåtilpassa litteratur; skjønn – og faglitteratur.</li> </ul>	Heile året		Kontaktlærer/ bibliotekar	
		<ul style="list-style-type: none"> <li>Lesekampanjar</li> </ul>			Kontaktlærer/ bibliotekar	
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Eleven blir lest for</li> </ul>			Kontaktlærer/ faglærer/ bibliotekar		
	Eleven viser uttrykks glede	<ul style="list-style-type: none"> <li><a href="#">Bokprat*</a></li> </ul>		Heile året		Kontaktlærer

HOVUDOMRÅDE	MÅL	TILTAK	LOVPÅLAGT/ SAMTALE/MØTE	TID/ALDER	EVALUERING	ANSVAR
<b>Språkleg kompetanse</b>						
<b>Språk forståing</b>	Eleven utvidar ord og omgrep forståing	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ordforklaringar</li> <li>• Kategorisering</li> <li>• Kryssord</li> <li>• Arbeide med synonym/antonym</li> <li>• Arbeide med likelydande ord</li> <li>• Omgrep-oppgåver: form, størrelse, posisjon, funksjon.</li> </ul>			Heile året	Kontaktlærer
<b>Talespråk (lytte og tale, munnleg kommunikasjon)</b>	Eleven utviklar ferdigheiter i å lytte til leste tekster, gjengi innhaldet og fylgje opp med spørsmål.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Øve på å ta ordet, stille spørsmål og delta i samtale.</li> <li>• Gjenfortelje frå ulike typar tekst</li> <li>• Repetisjon</li> </ul>			Heile året	Kontaktlærer

HOVUDOMRÅDE	MÅL	TILTAK	LOVPÅLAGT/ SAMTALE/MØTE	TID/ALDER	EVALUERING	ANSVAR
Språkleg bevissthet	Eleven kan dele ord i stavelser.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Øve regel: Det er like mange vokaler som det er stavingar i eit ord.</li> <li>• Lytteøvingar</li> <li>• Arbeide med ord med enkel stavelseskonstruksjon.</li> <li>• Ellingar, reglar, ordrytme.</li> </ul>			Heile året	Kontaktlærer
	Eleven skil mellom hovudmorfem og endingar. Bil – en, bil – ar, bil – ane.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeide med at innhaldet i eit ord forandrar meining ved bøying.</li> <li>• Utfyllings – oppgåver</li> </ul>			Heile året	Kontaktlærer
	Eleven har kunnskap om, gjenkjenner og brukar forteljande, spørjande og nektande heilsetningar.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lage setningar frå bilete. Manipulere setningar.</li> <li>• Pusle setningar</li> <li>• Lage spørsmål frå tekst.</li> <li>• Lytteøving</li> </ul>			Heile året	Kontaktlærer

HOVUDOMRÅDE	MÅL	TILTAK	LOVPÅLAGT/ SAMTALE/MØTE	TID/ALDER	EVALUERING	ANSVAR
Ulik kartlegging	Kartleging av lesedugleik	<ul style="list-style-type: none"> <li>Carlstens leseprøver</li> </ul>	Tema på foreldresamtale haust og på elevsamtale	August/September 8.9.10.kl.		Norsklærarar
		<ul style="list-style-type: none"> <li>Nasjonale prøver i lesing</li> </ul>	Tema på foreldresamtale haust og på elevsamtale	September 8.kl.		Rektor/ norsklærar
		<ul style="list-style-type: none"> <li>Karakter og læringsstøttande prøver i engelsk lesing</li> </ul>	Tema på foreldresamtale haust og på elevsamtale Samtale mellom språklærarane som har eleven om leseutviklinga/ leseforståinga	Før foreldresamtale haust 8.kl.		Engelsklærar

HOVUDOMRÅDE	MÅL	TILTAK	LOVPÅLAGT/ SAMTALE/MØTE	TID/ALDER	EVALUERING	ANSVAR
		<ul style="list-style-type: none"> <li>Carlstens leseprøver</li> </ul>	Tema på foreldresamtale haust og på elevsamtale	August/ September  8.9.10.kl.		Norsklærarar
		<ul style="list-style-type: none"> <li>lesedugleiksprøve</li> </ul>	Tema på foreldresamtale vår og på elevsamtale	Ca februar  9.kl.		Norsklærer
		<ul style="list-style-type: none"> <li>Karakter og læringsstøttende prøver i engelsk lesing</li> </ul>	Tema på foreldresamtale vår og på elevsamtale  Samtale mellom språklærarane som har eleven om leseutviklinga/ leseforståinga	Før foreldresamtale vår. (ca februar)  10.kl.		Engelsklærer
<b>Oppmelding til hjelpeinstansar</b>		<ul style="list-style-type: none"> <li>All oppmelding til PPT, BUP eller andre hjelpeinstansar skjer etter behov .</li> <li>Vi følgjer plan for spesialundervisning for Fyresdal kommune.</li> </ul>				Kontaktlærer I samråd med heimen og spes.ped.lærer

### **15.1 Arbeide med ord og omgrep som høyrer til den fyrste lese- og skriveopplæringa**

- Fyrst, i midten, sist
- Vannrett line
- Loddrett line
- Line på skrå
- Ord og setning
- Bokstavnamn og bokstavlyd
- Stor bokstav og punktum
- Mellomrom
- Tittel
- Forfattar
- Overskrift
- Form; rund form, bua form, firkanta form, trekanta form
- Leseretning
- Skriveretning
- Oppe – nede
- Øverst – nederst
- Over – under
- Mellom
- Framføre



## **15.2 Askeladden**

Askeladden er ein språkscreeningstest for førskulebarn i alderen 2 år – 6 år 11 mnd. Testen inneheld ein sekk med fleire ulike objekt, eit registreringsskjema og ei handbok.

Askeladden kan utførast av førskulelærar, helsepersonell, spesialpedagogar og logopedar.

Dersom pedagogisk leiar ynskjer å gjennomføre testen, skal det være avtalt med foreldre/ føresette.

Testen kan lånast på PPT eller Logopedkontoret. Der kan ein også få hjelp og rettleiing

## 15.3 Avkodingsstrategiar

### Den logografiske strategien

Når barnet kjenner igjen ei avgrensa mengde ord og les desse som bilete, nyttar det den logografiske strategien. Det er gjerne ord barnet møter ofte i sin kvardag, så som REMA, Lego, Tine mjølk. Barnet kan kjenne igjen fleire ord sjølv om det ikkje har lært mange bokstaver. Strategien har klare avgrensingar når det gjeld å kunne lese mange ord, men det er eit viktig utviklingstrinn, fordi barnet har forstått at et skriftbilete kan representere meining og innhald.

### Den fonologiske strategien

Ved fonologisk avkoding blir ordet avkoda ved at barnet tar utgangspunkt i enkeltbokstavar eller bokstavkombinasjonar og omkoder desse til språklydar. Språklydane blir så trekt saman til ein heilskap.

Lesaren har no forstått det alfabetiske prinsipp. Det alfabetiske prinsipp er dugleiken til å assosiere språklydar med korresponderande bokstavteikn.

Den fonologiske strategien gjer det mulig å lese nye og ukjente ord.

Dersom orda ikkje er lydrette, har kompliserte konsonantopphopingar eller Inneheld mange bokstaver, er strategien ikkje funksjonell. Strategien krev at barnet er oppmerksom og den tek lang tid og slit på arbeidsminnet. Dette kan i neste omgang gå ut over leseforståinga.

### Den ortografiske strategien

Ved ortografisk avkoding, gjenkjenner lesaren ordet hurtig og korrekt utan å gå vegen om en fonologisk omkoding av bokstavsekvensane. Lesaren må på førehand ha lest ordet så mange gonger at det er blitt etablert en ortografisk representasjon av ordet i langtidsminnet. Når barnet meistrar ortografisk avkoding, er ordavkodinga automatisert. Lesaren kan da lese ordet utan at avkodinga krev kognitive ressursar. For å oppnå god leseflyt er automatisk avkoding ein føresetnad.

## **15.4 Bokprat**

Bokprat er samtale om bøker.

Bokprat vert brukt for å hjelpe elevane til å finne frem til de bøkene som kan auke leseglede og leseoppleving.

Fokus er på å skape lesarar.

Det er derfor viktig å ikkje drepe leselysten med å komme med krav om tekstanalyse eller tvinge ei bok på eleven.

Formidlinga skjer ved at lærer/ bibliotekar eller andre elever

fortel om ei eller fleire bøker dei meiner vil treffe målgruppa på en måte som inspirerer til lesing.

Ein må finne fram til dei bøkene som rører ved dei aktuelle elevane. Om det er faglitteratur, teikneseriar, serielitteratur, dikt eller romanar, er underordna.

Det er viktig at ein er opptekne av både målgruppa og litteraturen ein formidlar, og det er godt mulig at den sterkaste formidlinga skjer elevar i mellom. Dersom gode klassekameratar at dei liker ei bok, har nok det større effekt enn om formidlinga kjem frå ein vaksen.

[http://www2.skolenettet.no/bibliotek/portopner/portapner\\_1\\_9.html](http://www2.skolenettet.no/bibliotek/portopner/portapner_1_9.html)

## **15.5 Forteljarstolen**

Formålet er å fremje situasjonsuavhengig språk.

Kommunikasjonsansvaret er hos personen som sit i "talestolen", og forma er ein monolog.

Personen kan fortelje om seg sjølv, om noe han har opplevd eller gjenfortelje en historie.

## **15.6 Grunnleggende omgrep/ Sentrale over- og underomgrep**

Orda i form av tale eller skrift er symbol for omgrep

Tyding av ord kan lærast på kan to måtar:

gjennom direkte erfaring med referentane (= fyrstehandserfaring)

gjennom andre ord: forklaring, skildring, definisjon (= andrehandserfaring)

Barn som er i eit trygt og allsidig stimulerande miljø, lærer omgrep automatisk.

Det er likevel hensiktsmessig å arbeide systematisk med omgrepsinnlæring.

### **Forslag til sentrale over/ underomgrep:**

Omgrep frå den nære verda til barnet:

Kroppen min: hovud, mage, arm, ...

Klede: jakke, bukse, genser, ...

Farger: gul, raud, blå, ...

Leikar: bil, ball, båt, ...

Hus:

Rom: kjøkken, stue, bad, ...

Møbler: stol, bord, skåp, seng, ...

Dyr:

Husdyr: ku, hest, gris, katt, ...

Dyr i skogen: rev, elg, hare, ...

Dyr langt borte: løve, tiger, elefant, ...

Insekt: flue, veps, bie, ...

Mat:

Pålegg: ost, leverpostei, syltetøy, ...

Frukt: eple, pære, appelsin, ...

Grønsaker: gulrot, kål, poteter, ...

Drikke: mjølk, vatn, saft, brus, ...

Andre omgrep:

Tall: 1,2 3, ...

Rekkefylgje: først, sist, i midten, ...

Størrelse: stor, liten, kort, lang, høy, lav, ...

Form: firkant, sirkel, trekant

Relasjonar: over, under, på, i, bak, framføre, ...

Personlige pronomen: eg, du, han, hun, vi, de, dykk meg, deg, ..

Eigedomspronomen: min, din, (min tur/ din tur), ...

### **Gode måtar å arbeide på for å fremje omgreputvikling og oppbygging av ordforråd:**

- allsidige erfaringar ute og inne
- samtalepartnarar som set namn på erfaringane
- leggje til rette for god kommunikasjon
- leik med barn og vaksne

Lese for livet 118

### **Klassifisering:**

- kategorisering ut frå objekt eller bilde: pek på det som er mat/ dyr/ frukt...
- sett namn på kategoriar ut frå objekt eller bilde
- sorter i kategoriar; objekt eller bilde
- kjenne igjen eit objekt som ikkje høyrer til ein klasse eller kategori: kva passer ikkje her?
- setje namn på objekt i fleire kategoriar (etter kvart fritt utan støtte i bilete eller objekt)
- på grunnlag av verbal informasjon; sei kva objekt som ikkje høyrer til ein kategori

- gruppere etter funksjon: peik på eller fortel kva vi kan køyre med, drikke av, sitte på...
- finn ut kva slags klede som passer til ulike ver.

## 15.7 Høgfrekvente ord - de 100 vanligaste orda

for, og, sidan, men, ut, det, siste, seg, sei, slik  
til, sitt, ble, eller, første, en, dag, ved, to, der  
som, kom, vil, denne, meir, er, tid, vi, må, mellom  
av, norsk, kan, opp, sjølv, på, kjem, også, bli, her  
at, alt, skal, bare, kor, med, kva, så, få, kroner  
de, fikk, dette, noe, nye, når, oss, blir, nær, disse  
har, ta, år, mot, får, den, gang, vere, alle, på  
ikkje, eg, noen, etter, stor, et, hadde, enn, mye, mange  
andre, om, over, inn, hans, går, frå, da, ha, seier  
skulle, var, utan, kunne, sine, ville, han, vel, under hele

Referanser:

<http://www.arbeidmedord.no/>

[http://www.stenbraten.gs.oslo.no/bilder/vanlige\\_ord/ord.html](http://www.stenbraten.gs.oslo.no/bilder/vanlige_ord/ord.html)

Aski Raski. Sandnes ( [www.askiraski.no](http://www.askiraski.no) )

## **15.8 Klassemøte**

Klassemøtet er eit fora eller møte for kvar enkelt klasse.  
Det har tre ulike møtetyper:

- det opne debattmøtet
- det pedagogiske planleggingsmøtet
- det sosialt problemløysande møtet

Møtet kan ha denne strukturen:

- klassestyrar og tillitselev er saman om avviklinga av møtet
- møtet har sakliste
- møtet har møteleiar
- møtet har ordstyrar
- møtet har referent
- varighet 30 minutter
- møtet er obligatorisk, fråvær vert registrert.

Funksjonene som ordstyrer og referent kan gå på omgang.

Klassemøte blir brukt som ein teknikk for utvikling av klassemiljøet, alle elevane bør sitje i ein tett ring saman med lærer som leiar samtala /møtet.



## 15.9 *Komplekse grafem*

God lesedugleik fordrar sikker og automatisert ordavkoding.

Sikre lesarar avkodar orda på grunnlag av kjennskap til bokstavsekvensar, struktur, uttale og tyding.

Sjå også stjernemerket punkt "Ortografisk ordlesing".

Komplekse grafem:

- Stavingar med fleire konsonantar
- Fleire konsonantar + vokal; for eksempel br-a, br-e eller skr-a, skr-i
- Fleire konsonantar som inneheld spesielle grafem som; skj, sk, kj, hj, gj, og k framføre i, y, ei og øy

**Skj:** skjegg, skjørt, ...

**Sj:** sjø, sju, ...

**Sk:** skip, sky, skøy-ter, skei, ...

**Kj:** kjepp, kjapp, kjøtt, ...

**K:** ki- no, kyll- ing, ...

**Gj:** gjer- ne, gje- re, ...

**Hj:** hjelp, hjer- ne, hjelm, ...

### **15.10 Kurs i forteljarkunst**

Ut frå Kunnskapsløftet er evna til å uttrykke seg munnleg i ulike språksituasjonar ein grunnleggjande ferdigheit i norskfaget.

Forteljarkunst og formidlingsevne fekk eit større fokus etter L 97 kom, og det er ingen grunn til å tru at det bør ha mindre fokus i framtida.

Forteljarkunst har vore eit studium ved utanlandske utdanningsstader i lengre tid, og no har det også vorte mogeleg å studere dette ved norske universitet og høgskular.

Det vert og halde kurs for ulike grupper m.a. lærarar, bibliotekarar og elever.

På Gimle skule hadde vi eit slikt kurs for heile personalet hausten 2009.

Teknikk frå forteljarkurs 13.nov 09

Lage eiga historie/forteljing Gjerne utgangs punkt i eit fag- eller eiga forteljing.

Ta utgangspunkt i stikkorda:

- Stad
- Tid
- Persongalleri
- Problem/konflikt
- Ulike løysningar?? (spør elevane kva kunne vere moglege løysingar)
- Løysing
- Høgdepunkt

Skriv eller fortelje forteljinga munnleg.

### **15.11 Leggje til rette for rett blyantgrep når barnet er mogen for det.**

Barnehagen må leggje til rette for rett blyantgrep med ein gong barna begynner å interessere seg for teikning og skriving.

Personalet bør være bevisst overgangen når barnet skiftet frå å bruke begge hender til å utvikle ei dominant hand.

I denne fasen begynner barna å etablere einhandsgrep. For å unngå at barnet automatiserar feil blyantgrep, bør personalet saman med foreldre og føresette gje positiv rettleiing til kvart enkelt barn i denne fasen.

Barnehagen må kjøpe inn gode teikne- og skrivesaker som stimulerer til rett blyantgrep.

Vaksne må vera gode modellar.

Tidspunktet for når barna kjem i denne fasen vil variere ut frå modning og interesser hos den enkelte.

## **15.12 Lesing med rettleiing**

Tre lesenivå:

Det førebuande stadiet

Det tidlige stadiet

Det flytande stadiet

Lesing med rettleiing

- sikrar at elevar klarer å lese nye tekstar
- hjelper elevane til å utvikle ei positiv haldning til det å lese
- gjer det mogeleg for elevane å utvikle og øve opp dei lesestrategiane som trengs for sjølvstendig lesing
- gjer det mogeleg for lærarane å observere korleis elevane arbeidar med nye og ukjende tekstar
- gjev lærar og elev god anledning til å utforske korleis språket vert brukt i mange slags tekstar

Organisering:

Føregår i små grupper på fire til åtte elever

Gruppene kan settast saman med utgangspunkt i interesser, erfaringar eller lesedugleik hjå elevane.

Målet er at eleven skal klare å lese teksten (med rettleiing frå lærar), men det skal likevel vere vanskeleg nok til at eleven må "strekke seg" litt.

Det endelege målet er å lære elevane å bruke lesestrategiar på eigen hand, slik at dei kan lese nye og ukjende tekstar og diskutere dei kritisk.

Hovudelementa i "Lesing med rettleiing" går ut på å:

- velje ein passende tekst
- presentere teksten
- lese teksten
- diskutere teksten

- evaluere eleven si lesing av teksten

### **15.13 Lesekurs**

Målet med leskurs er å betre eleven sine lese- og skrivefugeleikar.

Det er fleire modellar for leskurs.

Her nemner vi Ny start, og meir generell informasjon om kva eit leskurs kan innehalde.

#### **Ny start**

Ny start er ein norsk variant av "Early Step". Programmet er opprinneleg utviklet av Darrel Morris og best kjent for norske lærarar gjennom Carol Santas bok "Lære å lese".

Stimuleringsprogrammet har fire faste poster, en fast struktur som vert gjenteke frå time til time. Elevane veit kva som skjer, og det er trykt. Kurset varer er ca. 20-30 min.

Faste postar:

- gjenlesing under rettleiing av lærer
- tekstskrivning og setningsanalyse (setningar vert brote ned og bygd opp igjen)
- kombinert fonologisk og ortografisk analysearbeid
- lesing av ny bok

Målgruppa for stimuleringsprogrammet er småskuleelevar som har stoppa opp og/eller ikkje kome rett i gang med si skriftspråklege utvikling.

Det faglege innhaldet vert planlagt og justert på grunnlag av systematisk observasjon og kartlegging.

Programmet kan og tilpassast elevar på mellomtrinnet.

#### **Generelt om leskurs**

Målgruppe for kurset:

Elever som:

- etter systematisk observasjon og kartlegging har vist å ha vanskar med lesing og skriving
- ikkje fylgjer forventa utvikling og kjem under kritisk grense på Kartleggingsprøver

Struktur:

Lesekurset bør ha en fast struktur  
Hjelp for eleven til å etablere gode arbeidsvanar

Omfang:

Kortvarige intensive treningsperiodar i lesing og skriving viser seg å gje god effekt  
Kurset er avgrensa i veker og timer pr. veke.

Ressursbruk:

Fleire lærarar må ha kompetanse til å gjennomføre lesekurs  
Ein lærar er ansvarleg for gjennomføring av kvart kurs  
Det er hensiktsmessig å ha eit eige rom med tilpasset utstyr; nivåtilpasset litteratur, datamaskin og liknande.

Innhald:

Kurset bør omfatte følgjande tema:

- leseteknikk og lesemåtar
- lesestrategiar og leseforståing
- rettskriving

Innanfor kvarttema må innhaldet tilpassast eleven sine forkunnskapar og nivå  
Forslag til innhald for kvart tema

Leseteknikk og lesemåtar:

- konsekvent arbeid med automatisering av bokstav- lyd
- stavelesing
- morfologi
- ulike lesemåtar for ulike formål

Lesestrategiar og leseforståing:

- læringsstrategiar (sjå stjernemerket punkt Læringsstrategiar)

Rettskriving:

- finn eleven sine meistringsområde og start derifrå

Mål for eleven:

- målbar betring av lese- og skrivedugleiken
- gode læringsstrategiar
- gode arbeidsvanar
- større grad av ansvar for egen læring

Evaluering:

For å kunne måle framgang, er det viktig at eleven vert testa med same prøve før og etter kurset

Informasjon:

Foreldre blir informert i før kurset startar

## **15.14 Læringsstrategiar - "Lære å lære"**

Læringsstrategiar vert bruka for å organisere kunnskap på ein oversiktleg måte. Viktige element er:

Lære å aktivere eign erfaringar og kunnskap

Lære å bruke samtale og skrivning som reiskap til å kontrollere eigen forståing

Lære teknikkar for å strukturere kunnskap

"Å integrere nye opplysningar med tidlegare kunnskap er noko av det viktigaste for å forstå" (Carol Santa).

### **Læresamtalen:**

Enkle og spontane "her og nå" samtaler

To og to elever samtaler saman

Strukturerte "rollesamtaler"

Lette å organisere, stram tidsramme

### **Lærarsamtala**

Første gong elevane brukar denne teknikken 2 og 2 i gruppe. Etterkvart kan ein utvide gruppestorleiken. Det er lov å ha boka.

1. Runde: Eg har lært at...
2. Runde: Eg meiner at den viktigaste setninga er...
3. Mitt fakta spørsmål er...
4. Eg lurar på...
5. Lette å organisere, stram tidsramme

### **Tankekart:**

Teikne- bokstav- tal kart (øvingar til tankekart)

Hjelper eleven til å strukturere tenkinga omkring eit tema/ emne.

Hjelper til å sjå samanhengen mellom "gamal" og ny kunnskap.



**Styrkenotat:**

Hjelper eleven til å skilje mellom hovudtanke og detaljer på ulike måtar.

Styrke 1: Hovudidé

Styrke 2: Detaljer

**Kolonnenotat:**

Kolonnenotat kan utformast på mange ulike måtar:

2-kolonne

Nøkkelord/ stikkord - forklaring

Årsak - verknad

Påstand - bevis

Problem – løysing

3 kolonne

**V-Ø-L-skjema:**

”Vet - ønsker å vite- lærte”

**Spoletekst**

Gjev eleven eit godt hjelpemiddel for å oppsummere fagstoff, skrive argumenterande tekster og rapporter.

Den har ein stram struktur:

Innleiing

Hovuddel

Konklusjon

Avslutning

**Kombinasjonar og val:**

For å kunne kombinere og/ eller velje ulike strategiar, må elevane kjenne dei, ha erfaringar med dei og bruke dei.

Strategiane bør innførast og trenast på ein systematisk og bevisst måte.

Nye strategiar bør innførast ved hjelp av ein som er kjent frå før.

**Forslag til progresjon med eit spiralprinsipp til grunn:**

Småskulesteget:

Læresamtalen

Teikne- tal- bokstavkart, tankekart og styrkenotat

Mellomsteget:

Læresamtalen

Kolonnenotat; nøkkelord/ stikkord- forklaring

Ungdomssteget:

Læresamtalen

Tokolonne og trekolonne; stikkord/ nøkkelord- forklaring, V-Ø-L (fag/ tema/ prosjektarbeid)

På ungdomssteget skal elevane kunne velje fritt i innlærte strategiar og bruke dei automatisk.

### **15.15 Ortografisk ordlesing**

Ortografisk ordavkodning eller gjenkjenning skjer når alle bokstavane i ordet, eller sekvensar av ordet avkodast parallelt; det vil sei å gå direkte frå ordet sitt visuelle bilete til ordet si meining.

Det er viktig at den ortografiske avkodinga blir dominerande i leseprosessen.

Då blir leseglede større og barna får lyst til å lese.

Det blir nesten umogeleg å la vere å lese når ein ser ord og tekstar.

Eleven kjem inn i ein god sirkel ved at lesedugleiken både vert haldt ved like og vidareutviklast.

Ortografisk kunnskap:

Samanhengen mellom språklydar og bokstaver:

- ein bokstav kan gje ulike lydar
- ein språklyd kan trenge fleire bokstavar
- en språklyd kan skrivast på mange måtar

Stavingar på morfologisk grunnlag:

- Rotmorfem i samansette ord ("lese" og "bok" i "lesebok")

Ortografisk ordlesetrening:

Vel ut ord som du veit eleven kan på automatisk nivå

Presenter eit og eit ord på ordkort, eleven skal (berre) sjå på ordet

Dersom elevane ser/ forstår kva ordet tyder, skal dei sei det høgt slik det uttalast i vanleg tale

Samtale om meininga med denne lesinga

Samtale om hensiktsmessige inndelingar av ordet

Bruke øvingsorda i samanhengande tekst

### **15.16 Proessorientert skrivning**

Arbeidet er med prosessorientert skrivning er motivert ut frå ei oppfatning om at retting av eit allereie avslutta arbeid ikkje er særlig effektivt. Eleven oppfattar seg då ferdig med arbeidet og er lite interessert i å ta til seg rettleiing.

Ein må leggje vekt på rettleiing og retting gjennom prosessen for at det skal skje ei positiv skriveutvikling.

Proessorientert skrivning er bygd opp rundt arbeidsgangen frå tankeproduksjon til tekstproduksjon og det ferdige produktet.

#### **Før skrivninga startar:**

Ein startar prosessen med idéfase der ein førebur skrivninga. Førebuinga kan innebære samtale, innhenting av fakta rundt eit emne, tankespinn rundt ein tekst eller bilde osv. Det kan med fordel brukast ulike læringsstrategiar, for eksempel tankekart, i dette arbeidet.

#### **Skrivinga startar:**

Så går elevane i gang med å skrive eit 1.utkast.

Det er viktig at elevane ikkje skal fokusere på anna enn innhaldet i denne fasen.

Skriving skal i stor grad styrast av spontanitet, og verken lærer eller elev skal hengje seg opp i rettskriving eller setningsbygning.

Når det 1. utkastet er ferdig, får eleven respons på arbeidet frå læraren eller ein elev. Eleven skal sjølv lese teksten.

#### **Respons:**

Den som skal gje respons skal berre lytte nøye. For at responsen skal vere til nytte for Tekst skrivaren, må den som gir responsen konsentrere seg om utvalgte sider ved teksten. Det må med andre ord gjevast klare meldingar om kva det skal gjevast respons på. Responsen skal gjevast i form av spørsmål rundt utsegn i teksten som er uklare, eller at ein trekkjer fram positive innslag i teksten. Forslag til betringar kan også vere aktuelt.

Det er viktig at den som får respons opplever dette som positivt og nyttig. Deretter skal eleven bette seg til å skrive 2. utkastet.

### **Førebuing til omskriving:**

No er det organiseringa av teksten som står i fokus. Teksten si form avheng av kva den skal brukast til. Kva formålet med teksten er, og kven som er mottakaren?

Dette krev at ein lager seg ein disposisjon ut frå det ein skreiv i 1. utkastet, responsen ein fekk og dei tankane ein har fått undervegs i prosessen så langt.

Då er eleven klar for å skrive 2. utkastet.

### **Skrijvinga fortsett:**

Eleven skriver eit 2. utkast i tråd med det arbeidet og den responsen som er gjeve i forkant. Det skal også gjevast respons på 2. utkastet.

### **Respons på 2. utkast:**

Responsen skal fokusere på oppbygginga av teksten . Formålet med teksten – får eleven fram det han/ ho ynskjer. Sjangerkrav kan gje gode knaggar å styre samtala rundt.

## 15.17 Rettskrivingsregler

Forslag til progresjon i rettskriving.

Norskplanen og lærebøkene vil vere grunnlaget..

3.trinn

- lære alfabetet grundig
- repetere kvar enkelt bokstav sin skriveretning og bokstavhøgde
- lære skilnad på vokal og konsonant
- lære diftongane
- lære lyder som er sett saman av konsonantar: ng, nk
- enkel innføring i dobbel og enkel konsonant (sprettord og draord )

4. trinn

- føre vidare alfabetet, alfabetisering
- lære diftongane
- lære lyder som er sett saman av to konsonantar: ng, nk, nd,
- enkel og dobbel konsonant
- å-lyd (å og o)
- lære at ein lyd kan skrivast på ulike måtar: skj/ sj + kj/ ki/ ky

5.trinn

- alfabetisering, innføring i bruk av ordliste
- enkel og dobbel konsonant
- å-lyd (å og o)
- æ-lyd (æ og e)
- kj-lyd (kj-/ ky-/ ki-/ tj-)
- skj-lyd (skj-/ sj-/ski-/ sky-)
- j-lyd (gj-/ hj-/ j-)

Skiljeteikn: punktum, spørjeteikn og utropsteikn

6.trinn

- føre vidare rettskriving og teiknsetting
- alfabetisering, bruk av ordliste
- enkel og dobbel konsonant

- å-lyd (å og o)
- æ-lyd (æ og e)
- o-lyd (o og u)
- kj-lyd (kj-/ ky-/ki-/ tj-)
- skj-lyd (skj-/ sj-/ ski-/ sky-)
- j -lyd (gj-/ hj-/ j-)
- og/ å
- arbeid med stumme lydar
- deling av ord
- avsnitt

Teiknsetting: punktum, spørjeteikn og utropsteikn, hermeteikn

Komma i oppramsing, framføre *men* og etter utropsord og svarord når dei kjem fyrst i ei setning

7.trinn

- føre vidare rettskriving og teiknsetting
- alfabetisering, bruk av ordliste
- enkel og dobbel konsonant
- å-lyd (å og o)
- æ-lyd (æ og e)
- o-lyd (o og u)
- kj-lyd (kj-/ ky-/ki-/ tj-)
- skj-lyd (skj-/ sj-/ ski-/ sky-)
- j-lyd (gj-/ hj-/ j-)
- og/ å
- deling av ord
- avsnitt

Teiknsetting: punktum, spørjeteikn, utropsteikn, hermeteikn

Komma i oppramsing, framføre *men* og etter utropsord og svarord når dei kjem fyrst i ei setning

**På ungdomssteget** vert det arbeidd med å etablere sikker rettskriving og teiknsetting. Fleire kommaregla vert innført. Aktiv bruk av ordliste på dette nivået.

## **15.18 Samlingsstund**

Samle barna om eit felles fokus.

Samlinga kan skje inne eller ute, i stor eller liten gruppe.

Ein kan velje aldershomogen eller aldersblanda gruppe, alt etter formål. Det er viktig at ein varierer formidlinga.

### **Innholdet kan være:**

Lese

Fortelje

Dramatisere

Bruk av flanellograf

Barna er med og fortel om bok/ historie

Samtale

Dikte egne historiar

Nytte utstyr og ulikt materiell til formidling av omgrep som storleik, mengde, posisjon, og farge, ...



### **15.19 Skriveverkstad med vekt på lyrikk**

Et skriveverkstad er ein situasjon der det føregår idéskapning, skriving, respons, re-skriving og opplesing.

Eit skriveverkstad med vekt på lyrikk blir då ei konsentrert arbeidsøkt over f.eks. to timer der ein med utgangspunkt i ulike oppgåver og med bruk av ulike verkemiddel skal lage lyrikk-liknande tekster. Responsfasen er viktig, den kan skje fra elev til elev, fra lærer til elev, frå forfattar til elev...t.d.. via mail.

#### **Eksempel på oppgåver:**

figurdikt

dikt med bruk av gjentaking og kontrast

dikt med bruk av ulike bilete som metafor, besjeling og symbol

haikudikt

limericks

kortdikt med paradoks

Desse oppgåvene er henta frå Norsk i niande Tekstsamling, Aschehoug Forlag.

Tekstene bør lesast opp eller publiserast etterpå f.eks. på Fronter, lokalavis, veggavis, foreldrekveld m.m.

## **15.20 Språkleikar**

### **Mål:**

Auke barnet sin kjennskap til talespråket.

Gjere barn bevisst at talespråket har:

- eit innhald – vi snakkar med kvarandre
- ei form – talespråket kan delast opp i mindre delar, som ein kan leike med

### **Metode:**

Leike – leike – leike

Leike med talespråket

Medan vi leiker, dukkar vi lenger og lenger ned i detaljane i språket

### **Hovudemna:**

Lytteleiker

Leikar med rim

Setningar og ord

Stavingar

Framlydar

Fonem

## **15.21 Språkverkstaden**

Språkverkstaden inneheld av fem boksar:

Boks 1 – Rimespel:

5 ulike spel som går ut på å finne ord som rimar på kvarandre.

Boks 2 – Same første lyd:

8 ulike spel som går ut på å identifisere første lyd i ord

Spela har ulik vanskegrad

Boks 3 – Språklydspel/ ord som høyses like ut:

8 ulike spel som går ut på å:

Identifisere fyrste og siste lyd i ord

Leggje til og trekkje frå lyder i ord

Finne ord som lyder likt, men har ulik tyding

Boks 4 – Samansette ord:

7 ulike spel som går ut på å sette saman ord til nye samansette ord eller ta

bort orddeler av samansette ord og lage nye ord

Boks 5 – Kommunikasjonsspel:

6 variantar med ulike kart der to barn skal instruere kvarandre i å finne felles rute frå

start til mål

## 15.22 Oversikt over barn si språkutvikling i alderen 0-5 år:

Alder	Språkforståing	Språkproduksjon
0-6 mnd.	Barnet reagerer rytmisk på tale Aktivt med i samspelet, ser, lyttar og "snakkar"	Fysiologisk gråt Babbling
6-12 mnd.	Mental representasjon av objekt eller handling Situasjonsavhengig forståing Forstår enkelte ord og gir respons på eige namn	Babbling med gjentekne konsonant- vokalseriar; ba-ba Kommunikativ intensjon, peiking Lydproduksjon med intonasjon Det fyrste vesle "ord"
1 år	Peikar på kroppsdelar på oppfordring Interesse for bøkar Forstår enkle oppfordringar saman med kroppsspråk	Situasjonsavhengige eitt- ordsytringar Meistrar fleire språklydar Byrjar å imitere enkle ord
2 år	Rask tilegning av nye ord Fylgjer enkle oppfordringar knytt til situasjonen (kan eg få bilen?) Lyttar til lesing og peikar på bilete Forstår enkle verb	To- ordsytringar Kommunikativt språk Spør etter namn på gjenstandar 2 åringar kan bruke aktivt 20-50 ord
2-3 år	Interesse for rim og regler Likar å bli lest for	Deltek i songleik, rim og regler Brukar spørjeordet "kva" Brukar personlege pronomer og enkelte preposisjonar som "i" og "på" 3- åringar kan bruke aktivt ca. 1000 ord
3-4 år	Forstår spørsmål knytt til daglege erfaringar Forstår enkle samanhengar (kva gjer du når du er svolten?) Forstår grunnleggande farge-, form-, størrelsesord og meiningsmotsetnadar Forstår nektande setningar	Situasjonsuavhengig språk Kan vere i dialog over tid Leikar og tøysar med språket Uttrykkjer idear, ynskjer og kjensler Har ordbøyingar Språket har betyding i leiken 4-åringar kan bruke aktivt ca. 2000 ord
4-5 år	Fylgjer kompliserte oppfordringar	Meistrar motsetnadar (stor- liten)

	Forstår gradbøying av ein del adjektiv Kan klassifisere omgrep (mat, dyr) Kan forklare ord (kva er ein bil? sove?)	Har enkle tidsomgrep Kan fortelje om eigne erfaringar i notid og fortid på ein forståeleg måte Kan rime på eiga hand 5- åringar kan bruke aktivt ca. 4000 ord
--	--	--

Grunnlaget for språkutviklinga vert danna i dei 3 fyrste levemånadane.

I denne perioden er det dei daglege rutinesituasjonane som danner grunnlaget for samspelet og kommunikasjonen. Ved å fylgje barnets blick får ein informasjon om kva barnet er opptatt av, og ein kan snakke om og sette ord på det barnet ser på.

## **15.23 Thinking hats**

Hjelp til å målrette eigen lesing og læring.

Ta på den blå hatten (organisering av tankane):

Kva handlar teksten eigentleg om?

Kva veit eg frå før?

Gå inn i teksten med den grønne hatten (kreativitet):

Leit etter nye idear, tankar

Ta på den kvite hatten (informasjon):

Leit etter fakta, detaljopplysningar

Ta på den raude hatten (følelsar):

Kva følelsar gir teksten?

Ta på den svarte hatten (dårlege poeng):

Kva likte du spesielt dårleg?

Kva syntes du var dumt?

Ta på den gule hatten (gode poeng):

Hva likte du spesielt godt?

Hva syntes du var spesielt bra?

Hjelp til å målrette egen lytting:

Metoden brukes på samme måte, men i stedet for å si "let etter", sier vi "lytt etter"...

### **15.24 Alderadekvat artikulasjon/Normal taleutvikling**

Logoped Alf Preus (1982) har sette opp eit skjema for når norske born burde kunne bruke dei ulike språk lydane. Denne aldersinndelinga må ikkje sjåast på som normer, men som retningsgivande for når ein bør bli merksame på dei språk lydane barnet ikkje bruker.

3 år:

Vokalane og m, p, b og h.

4 år:

n, t, d, j, f, v og l.

5 år:

k, g, ng og r (skarre – r)

6 år:

r (gjeld austnorsk r)

7 år:

s (etter tannfelling)

9 år:

kj og skj.

### **15.25 Teikn til tale**

Teikn til tale består av fleire språklege element. Eksempelvis: Talespråk, kroppsspråk, naturlege teikn og konvensjonelle teikn (teikn vi må lære).

Vi brukar teikn som støtte til språkutvikling.

For dei barna som ikkje har språk, vil kommunikasjonen vere lettare med teikn. Dei oppfattar ordets tyding fortare, dei opplever meistring og får ein annan moglegheit i samspel og dialog med andre. For at dette skal virke er det viktig at vaksne og barn rundt enkelet barn har kunnskap om teikn. Når vi vaksne snakkar med teikn er vi mykje tydlegare, vi snakkar seinare og vi vektlegg det essensielle og brukar kortare setningar.

Det meste av teikna vi brukar er naturlege teikn. Vi har laga teikn (namnet deira)for vaksne og barn også. Det er veldig gøy og vi har mykje moro med dette. Vi brukar det òg som støtte til framandspråklege barn.

Arbeid med teikn krev også tolmod og samarbeid. Vi har sett som mål for barnehagen at alle avdelingar skal innføre teikn til tale. Det vil sjølv sagt vere ulike måtar å gjere dette på. Men vi vil prøve å bruke teikn til ulike kvardagsaktivitetar som: samling, påkledning, måltid, turar...

Med eit kompetent og støttande miljø rundt barn som har utfordringar er det større sannsynlegheit for at vi lukkast med måla våre.

### **15.26 Tras**

”TRAS (Tidlig registrering av språkutvikling) er et observasjonsmaterieil for språk og språkutvikling hos barn i barnehagen. Materieillet gjør det blant annet mulig å vurdere et barns språkutvikling i forhold til det som er forventet på ulike alderstrinn.” (statped)

TRAS er mynta på barn mellom 2 og 5 år. I TRAS-håndboka er det knytt tre spørsmål til kvart alderstrinn frå dei ulike observasjonsområda: Samspill, kommunikasjon, oppmerksomhet, språkforståing, språkleg kunnskap, uttale, ordproduksjon og setningsproduksjon.

TRAS er eit samarbeidsprosjekt mellom Bredtvet kompetansesenter, Eikelund kompetansesenter, Institutt for spesialpedagogikk ved Universitetet i Oslo, Senter for atferdsforskning og Senter for leseforskning - begge ved Universitetet i Stavanger.



